

# Årsmelding for Radøy Pensjonistlag 2018

*I 2018 har det vore halde 9 medlemsmøter, medrekna julemøtet saman med Revmatikarlaget og LHL i desember.*

**I mars og oktober var det utlodning til inntekt for laget.**

## Ord for dagen i 2018:

**Januar: Arne Villanger, Febr.: Maria Fjellsende, Mars: Borgny Tjore, April: Margot Taule,**

**Mai: Anna Hella Kartveit, September: Margot Taule, Oktober: Vigdis Haukeland, November: Margot Taule.**

## Kåsørar

**Januar: Asle Hetlebakke, Februar: Terje Eriksen, Mars: Hugo Lind, April : Odd Matre, Mai: Haldor Telle, September: Sissel Anny Hjelmtveit, Oktober: Jostein Dale, November: Knut Risnes og kona.**

**På medlemsmøtet 11. april fekk me eit fint tilskot til møta våre. «Dei glade lakser» Det er: Magnar Klausen trekkspel, Terje Sylta gitar, John Baug bass og Magnus Skjelvik solist.**

**Dei som har hatt 80, 85 og 90 års dagar, har fått blomehelsing frå laget.**

**På etterfylgjande medlemsmøte har me minnst medlem Jostein Vetås og John Helland som gjekk bort dette året**

**Radøy Pensjonistlag har pr. 31.12.2018, 112 medlemmar.**

**Deltaking på møta fyrste halvår har lege på 33 - 35, men i september var me oppe i 44 og oktober 40. Det er gledeleg.**

**På fylkeslaget sitt årsmøte i mars, var Magnar og Margot utsendingar.**

**22. oktober 2018 var Radøy Pensjonistlag saman med Masfjorden, Meland og Lindås kommune invitert til «Styreseminar for Pensjonistlaga.**

**Emne: » Saman er vi sterke». Drøfta samarbeid i den nye Alver kommune.**

**1. november 2018 var Radøy Pensjonistlag og Radøy Eldreråd, saman med Meland og Lindås på møte, Emne «Eldrerådet i vår nye Alver kommune.**

•  
**Turar:**

Me har hatt ein firedagars tur i juni og ein dagstur i august.

14. juni 2018 reiste me på ein fire dagars tur, saman med LHL og Revmatikerlaget til Sunnfjord. Turen gjekk til Knarvik og på E39 til Oppedal , ferje til Lavik. Vi kørde gjennom Lavikdalen til Dale i Sunnfjord. Her besøkte me Jakob Sande Museet. Vidare til Thon Hotel Førde , der me skulle bu. Dagen etter dagstur til Askvoll med ferje til Værlandet, der fekk me ein lokal guide med oss på ein interessant rundtur i dette øyriket. Tredje dagen reiste me til kystbyen Florø og hurtigbåt til Kinn. Og fekk sjå det kjente Kinnaspelet. Det var ei oppleving. Siste dagen kørde me til Moskog over Gaularfjellet til Balestrand der me fekk middag på Kvikne Hotell. Før middag besøkte me Norsk Reiselivs museum, som ligg vegg i vegg med hotellet. Siste dagen kørde me langs Sognefjorden til Høyanger – Vadheim – Lavik og ferje til Oppedal. Turens siste etappe gjekk gjennom Masfjorden til Radøy. Takk til Margun Stordal som var reiseleiar, og til Magnar som alltid har med seg trekkspilet, og ikkje minst ein god sjåfør. Så takk for turen.

8. august d.å. hadde Radøy Pensjonistlag saman med Radøy Revmatikarlag sin årlege dagstur. Legg v/referatet.

**Styret i 2018: Magnar Klausen, Berit Kvalvik, Berit Grindheim, Margot Taule, Maria Fjellsende, Torvald Taule og Arne Villanger.**

**Varamedl.: Magnus Skjelvik og Reidun K. Ellingsen.**

**På val er: Magnar Klausen, Berit Kvalvik, Berit Grindheim og Torvald Taule.**


Laget har hatt 3 styremøte i tillegg til telefonar og handsama 15 saker.

**Turnemnd: Margot Taule, Magnus Skjelvik og Arne Villanger**

**Revisorar: Inger Morken og Olav K. Morken**

**Valnemnd; Olav Marås, Oddmund Skjelvik og Gro Borgund**

Frotaule, 8. februar 2019

  
Margot Taule

referent

## Referat frå dagsturen 8. august 2018

8. august d.å. hadde Radøy Pensjonistlag saman med Radøy Revmatikarlag sin årlege dagstur. I år skulle me ikkje kjøyra så langt, men halda oss her i distriktet.

Turnemnda bestod av; Linda Grindheim og Bjørg Austrheim frå Revm. Laget og Magnus Skjelvik og meg frå Pensjonistlaget.

For at turen ikkje skulle verta så kostbar, leigde me veteranbuss med sjåfør, Svein Atle Fønnes hjå Veteranbussklubb BNR.

Det var 31 påmelde til turen. Pris kr. 700,-.

Kl. 09.00 presis kjørte vi frå, Coopen på Manger. Været var brukbart, litt småregn....

Første stogg var Knarvik Industri og Miljø. (Kim). Her vart med tatt godt imot av leiar Morgan Taule. Han samla oss inn i kantina, der me fekk orientering om bedrifta. «Dette er ei bedrift som tilbyr arbeidsplassar for dei som av ulike grunnar treng tilrettelagt arbeid. «Vår visjon er at tilsette skal oppleve Tryggheit, Respekt og Utvikling» Deretter vart me delt inn i 3 grupper med kvar vår omvisar. Denne bedrifta var det mange som ikkje visste om. Dei hadde bl. anna ein avdeling der dei selde handarbeid av ulike slag, dei selde ved og køyrde det på huset til dei som kjøpte.

Etter ca 3 kvarter takka me for oss.

Vi køyrde så viare utover mot Mongstad. Ved Åse innimellom ein skog av bjørketrær var det ein fin rasteplass, med bord, benkar og toalett. Her slo me oss ned, me var kaffisjuka.

Linda hadde vore på Manger kl 07.00 om morgonen for å kjøpa ferske rundstykke. Heim att og smurde på dei med ost og skinke. Me andre hadde med oss kaffi, og kremfløyte i kaffien fekk dei som ville ha det. No hadde me ei fin stund i saman, det virka som alle var så glade og fornøgde. Og når Magnar henta trekkspelet og sangar, kunne det ikkje bli betre. « Sommernatt ved Froland» m.fl. ljoma i skogen. Og været spelte på lag med oss, for når me satt der, kom sola fram til alle sin forundring.

Neste stopp var Statoil Mongstad Museet. Her kom Kjell Dahle opp i hovudvegen for å ta imot oss. Han tok oss med opp i ein stor sal, der me fekk sjå film og han fortalde om Mongstad før og no. Det var ei heil oppleving. Kjell Dahle fortalde med ei innleving som ein ikkje har høyrte maken til. Ein utruleg god foredrags haldar. Deretter var det ned i 1. etasjen der Museet var. Her var det to mann i tillegg for å visa oss rundt og svara på spørsmål. Deretter var Kjell Dahle med oss i bussen for å visa oss litt rundt i området. Me takka for oss. Og køyrde vidare til Kilstraumen brygge A/S, der me hadde bestilt ( godt kokt) sausekjøtt med dessert og kaffi.

Og det fekk me. Det var dekket to langbord med duk og fint dekketøy. Me fekk varme tallerkar. Før maten song me tytebæret. Sosekjøttet var godt kokt, grønnerter, gulrot og tyttebærsyltetøy høyrde med. Og til slutt sviskekompott med fløyte og heimelaga karamellpudding og kaffi.

Ved bordet tok Brita Lunde ordet. Ho las eit stykke om korleis det var før og no. Takk for det Brita. Det er alltid kjekt at deltakarane tek del i program som me lagar til. Magnar takk tur nemnda for eit fint opplegg og for ein fin dag. Eg las to dikt av Arnulf Øverland, «Stjerneskydd» og «Jeg går omkring» Magnar henta trekkspilet, og me song eit par songar til slutt.

Deretter takka eg sjåføren, Svein Atle Fonnes for fin køyring og elles alle som hadde vore med på å gjera dagen så fin.

11. september 2018

  
Margot Taule  
referent